

Arbeids- og
inkluderingsdepartementet



Arbeid Inkludering Velferd



ARBEIDS- OG
INKLUDERINGSDEPARTEMENTET



Store oppgaver

Store oppgaver

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har ansvar for utviklinga av store reformer og viktige delar av norsk politikk. I 2007 og dei komande åra vil følgjande oppgåver stå sentrale i departementet sitt arbeid:

NAV-reforma

NAV-reforma er under iverksetting. Arbeids- og velferdsetaten blei formelt oppretta 1. juli 2006. Samtidig blei Aetat, trygdeetaten og NAV-interim lagt ned. Hausten 2006 blei dei første 25 pilotkontora etablerte. Innan utgangen av 2009 skal det vere felles arbeids- og velferdskontor som dekkjer alle kommunane i landet (NAV-kontor).

Arbeid, velferd og inkludering

Hausten 2006 la regjeringa fram forslag til nye verkemiddel i arbeids- og velferdsforvaltninga, AVI-meldinga. Forslaga utgjør saman med NAV-reforma ei omfattande endring av politikken på arbeids- og velferdsområdet. Reforma inneber blant anna ein ny modell for oppfølging av sjukemelde, kvalifiseringsprogram for utsette grupper, meir arbeidsretta tiltak og tenester, førebyggjing gjennom tilrettelegging på arbeidsplassen og samordna bruk av verkemidla gjennom Arbeids- og velferdsetaten.

Pensjonsreforma

Pensjonsreforma skal iverksettast frå 2010, og det står framleis att eit omfattande arbeid før det kan skje. I dei kommande åra vil reforma bli vidareutvikle. Blant anna skal det gjerast tilpassingar i forhold til avtalefesta pensjon (AFP) og uføretrygd.

Ny utlendingslov

Forslag til ny utlendingslov vart fremma for Stortinget våren 2007. Det er eit stort og krevjande lyft, og etter lovarbeidet følgjer tilpassing av forskrifter og informasjons- og forankringsarbeid.

Arbeidsinnvandring

Regjeringa legg fram ei stortingsmelding om arbeidsinnvandring våren 2008. Stortingsmeldinga skal drøfte gjeldande politikk og leggje grunnlaget for ein robust politikk for arbeidsinnvandring, som støttar tilgangen på arbeidskraft i tråd med kortsiktige og langsiktige behov i arbeidsmarknaden.

Samepolitikken

Regjeringa vil fremje ei stortingsmelding for samepolitikken. Meldinga vil lyfte opp viktige saker for prinsipiell avklaring, mellom anna regjeringa sitt verdigrunnlag i samepolitikken, vidare arbeid med konsultasjonsordninga, avklaring av Sametingets formelle stilling, blant anna forholdet til nytt regionalt nivå og kommunane, arealforvaltning og vern, nordområdepolitikken og næringsutvikling.



Fagområde

Fagområde

Arbeidsmarknad

Arbeidsmarknadspolitikken legg til rette for ein velfungerande arbeidsmarknad med høg yrkesdeltaking. Noreg skal ha eit inkluderande og ryddig arbeidsliv med god utnytting av arbeidskrafta. Ein aktiv arbeidsmarknadspolitikkk skal stimulere til god tilgang på arbeidskraft, motverke avgang frå arbeidslivet til varige trygdeytningar og redusere og førebyggje arbeidsløyse. Gjennom seniorpolitikken blir det arbeid for at fleire skal stå lenger i arbeid, slik at dei eldre arbeidstakarane sine ressursar kan nyttiggjerast i arbeidslivet.

Inntektspolitikken og det inntektspolitiske samarbeidet har som hovudformål å koordinere lønnsdanninga og dermed medverke til ein moderat pris- og lønnsvekst, som vil styrkje grunnlaget for varig høg sysselsetjing og låg arbeidsløyse.

Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljø- og tryggleikspolitikken skal sikre eit arbeidsliv med plass til alle, som sikrar arbeidstakarane sine behov for vern og tryggleik og som gir ei formålstenleg tilpassing til utviklinga i næringslivet. Hovudstrategien er å medverke til at verksemdene sjølv, gjennom systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid, førebyggjer ulukker og helseskade. Hovudverkemidla til myndigheitene i arbeidet er regelverk, tilsyn, rettleiing, kunnskapsutvikling og samarbeid.

Velferd

Velferdspolitikken har som mål at alle skal ha like moglegheiter, rettar og pliktar til å delta i samfunnet og bruke ressursane sine, uavhengig av økonomisk og sosial bakgrunn. Det er eit viktig velferdspolitisk mål at så mange som mogleg kan forsørgje seg sjølv gjennom arbeid. Eit overordna og langsiktig mål er å avskaffe fattigdom, og AID arbeider for å betre livsvilkåra og moglegheitene for den delen av befolkninga som har dei lågaste inntektene og dei dårlegaste levekåra.

Velferdspolitikken skal sikre inntekt til personar som av helsemessige og andre årsaker ikkje kan vere i arbeid. Inntektssikringspolitikken er dermed eit viktig bidrag med omsyn til utjamning av inntekt og levekår i samfunnet. Inntektssikringspolitikken skal samtidig stimulere til arbeid og utdanning. Departementet har også ansvar for koordinering og oppfølging av IA-avtalen.

Pensjon

Pensjonspolitikken skal sikre inntekt i alderdommen og for dei attlevande. I 2007 vart det inngått eit breitt forlik i Stortinget om framtidens pensjonssystem. Det nye pensjonssystemet, som skal innførast frå 2010, byggjer på fire hovudmål. Det skal vere økonomisk og sosialt berekraftig, gi god motivasjon til arbeid, ha god fordelings- og likestillingsprofil og vere enkelt og forståeleg.



Det nye pensjonssystemet vil gi ein sterkare samanheng mellom arbeidsinntekt gjennom livet og årleg pensjonsytning enn kva som er tilfellet i dag. I ny pensjonsordning skal alle kunne ta ut pensjon frå fylte 62 år.

Innvandring

Innvandrings-, asyl og flyktningpolitikken skal sikre ein samfunnstenleg og styrt innvandring og vern av flyktningar. Regulering av innvandringa skal utformast i samsvar med internasjonale forpliktingar, behovet for rekruttering av utanlandsk arbeidskraft og tilrettelegging for kultur- og kunnskapsutveksling.

Noreg arbeider for at flyktningar skal kunne sikrast vern nær konfliktområda. Der dette ikkje er mogleg, hjelper Noreg med å ta imot personar som ikkje kan sikrast slikt vern, og gir dei ei trygg framtid her i landet. Mottakstilbodet til asylsøkjjarar skal vere differensiert og nøkternt.

Integrering og mangfald

Integrerings- og mangfaldspolitikken skal sikre at alle får like moglegheiter, rettar og pliktar til å delta i samfunnet og bruke ressursane sine. Integreringspolitikken handlar om å leggje til rette for at nye innvandrarakar skal kunne delta i det nye samfunnet og forsørgje seg sjølve i størst mogleg grad. Politiken for mangfald og inkludering rettar søkjelyset på samfunnet som heilskap og har som formål å fjerne barrierar for deltaking og å skape like moglegheiter på alle samfunnsområde. Innsats mot diskriminering, fordomar og rasisme er viktig for å nå målet om like moglegheiter for alle. Samtidig blir det føresett at alle innbyggjarar pliktar å delta aktivt og slutte opp

om lover og dei demokratiske grunnverdiane i samfunnet.

Urfolk

Grunnlaget for samepolitikken er at staten Noreg er etablert på territoriet til to folk, nordmenn og samar, og at begge folka har den same retten og det same kravet på å kunne utvikle kulturen sin og språket sitt. Omsynet til samiske interesser skal inkluderast i utforminga av politikk på alle aktuelle område. Regjeringa skal også medverke til utvikling av internasjonal urfolkspolitikk og samarbeid om samiske spørsmål med dei nordiske landa.

Nasjonale minoritetar

Nasjonale minoritetar er grupper med langvarig tilknytning til landet. I Noreg er dette kvenar, jødar, skogfinnar, rom/sigøynarar og romanifolk/taterar. Regjeringa legg vekt på målsetjingane som er nedfelte i Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar og Minoritetsspråkpakta. Myndigheitene ønskjer å ha ein tett dialog med organisasjonane som representerer dei nasjonale minoritetane for å sikre at synspunkta deira blir høyrde.


Sentrale lover

Forvaltning av lover og forskrifter er ein viktig del av departementa sine oppgåver. Dette omfattar å vurdere om lovene er formålstenlege, og å utarbeide forslag til lovendingar og nye lover ovafor Stortinget.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet forvaltar blant anna:

- Arbeidsmarknadslova
- Arbeidsmiljølova
- Folketrygdlova
- Sosialtenestelova - økonomisk sosialhjelp og kvalifiseringsprogram
- Statsborgarlova
- Utlendingslova

Organisasjonskart



Budsjett

Arbeids- og inkluderingsdepartementet disponerer heile 252 milliardar kroner i statsbudsjett for 2008, av desse er 226 milliardar kroner knytte til folke-trygda. Det vil seie at AID disponerer omtrent ein tredel av statsbudsjettet når avsetjingar til Statens pensjonsfond er halde utanfor.


Budsjett 2008

UTGIFTSPOSTAR	MRD. KRONER
Statsbudsjett AID	26,3
Folketrygda	226,5
Samla utgifter	252,8
Fordelt på område	
Inntektssikring og einslege forsørgjarar	109,0
Pensjonar m.v.	106,7
Arbeidsmarknad	10,7
Administrasjon, forvaltning og utvikling	
Arbeids- og velferdsetaten	10,5
Levekår	9,0
Integrering og mangfald	4,5
Vern og innvandring	1,4
Arbeidsmiljø og tryggleik	0,7
Samar og nasjonale minoritetar	0,2
Viktige enkeltutgifter	
Alderdom	101,1
Dagpengar	4,8
Yrkesretta attføring	11,5
Sjuepengar	30,4
Uførheit	54,9
Grunn- og hjelpetønad, hjelpemiddel m.v.	8,3
Forsørgjartap og einslege forsørgjarar	6,5
Medisinsk rehabilitering	8,3

Kven jobbar i AID?

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har omtrent 315 tilsette. Av desse er flest kvinner: 63 prosent kvinner og 37 prosent menn.

Gjennomsnittsalderen for dei tilsette i departementet per 1. januar 2007 var 43,9 år. Det er flest tilsette i aldersgruppene 30-39 år og 40-49 år.



Hovuddelen av dei tilsette i departementet har fullført ei utdanning på universitets- eller høgskulenivå. Blant tilsette med høg utdanning er det flest juristar og samfunnsvitarar, som begge har ein del på 31 prosent. Statsvitarane utgjer den største gruppa blant samfunnsvitarane med 33 personar. Blant økonomane finst både samfunnsøkonomar (28 stk.) og siviløkonomar (10 stk.).

Kategorien anna høgare utdanning er ein samlekategori for utdanningar på cand. mag.- og bachelornivå, i tillegg til utdanningar innan blant anna biblioteksfag, journalistikk og estetiske og humanistiske fag. Dette omfattar totalt 17 prosent av dei tilsette i departementet.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Postboks 8019 Dep, 0030 Oslo. Telefon 22 24 90 90.

Meir informasjon om departementet finn du på
www.regjeringen.no/aid



ARBEIDS- OG
INKLUDERINGSDEPARTEMENTET